

## Farlig tiltrekkende

Mennesker med mørke personlighetstrekk har en tendens til å skape seg et attraktivt fysisk ytre.

Hvilke personlighetstrekk er forbundet med det å være fysisk attraktiv? Nye funn tyder på at folk som skårer høyt på mørke personlighetstrekk, som narsissisme og psykopati, oftere er tiltrekkende. Men hva gjør dem attraktive? Tidligere studier har ofte blandet sammen utseendet til personene med måten de kler seg på. I en fersk studie hevder derimot Nicholas S. Holtzman og Michael J. Strube ved Washington University i Saint Louis å ha kontrollert for dette. Tendensen holder seg likevel stabil: Personlighetstrekk fra Den mørke triaden – machiavellisme, narsissisme og psykopati – er overrepresentert blant personer som er flinke til å framstå som tiltrekkende. Ifølge forskerne er dette første gang en eksperimentell studie har kunnet bekrefte teorien om at personer med mørke personlighetstrekk aktivt prøver å skape et positivt førsteinntrykk for å legge til rette for sine egne listige sosiale strategier.



**Kilde:** Holtzman & Strube (2012). People With Dark Personalities Tend to Create a Physically Attractive Veneer. *Social Psychological and Personality Science*. Published online before print, 4. oktober.

## Med Michael Jackson på brødskiva

Folk som er religiøse og som trur på det overnaturlige, ser oftare andlet der dei ikkje finst.

På nettauksjonar som eBay kan ein by på rista brødskiver med andletsdraga til både jomfru Maria, Jesus og Michael Jackson. Tapani Riekkil og kollegar samla heller fotografi, av alt frå møblar til bergknausar, som på førehand var vurdert til å anten likna eller ikkje likna på eit fjes. Gjennom to ulike annonsar fekk dei tak i 47 personar, ei gruppe med folk som var positive til det overnaturlige og andelege, og ei anna gruppe som var uttala skeptiske til slike fenomen.

Forsøkspersonane som var positive til det overnaturlige, fann oftare område som likna på andlet når dei fekk beskjed om å leita etter det, enn den andre gruppa gjorde. Dei truande såg gjerne også andlet i bilete som på førehand var vurderte til ikkje å innehalda slike strukturar. I tillegg var dei meir nøyaktige enn ateistar og skeptikarar i å plassera slike strukturar i bilete der dei ifølgje forskarane faktisk fanst. Dei truande vurderte også andletsillusjonane til å vera meir fjeslike og følsame enn skeptikarane gjorde.

**Kjelde:** Riekkil, T. et al. (2012). Paranormal and Religious Believers Are More Prone to Illusory Face Perception than Skeptics and Non-believers. *Applied Cognitive Psychology* DOI: 10.1002/acp.2874

verkemiddelet for å redusera fråværet. Likevel går fråværet no ned, i bedrifter både med og utan IA-avtale. Forklarinnga synest å vera gradering. Nye retningslinjer mobiliserer arbeidsgivar, arbeidstakar, lokale trygdekontor og – ikkje minst – allmennlegar og psykologar, for i kvart enkelt tilfelle å leggja forholda til rette for delvis sjukemelding/jobb. Dette er å ta konsekvensen av den faktiske utforminga av sjukelønsordninga: den er ikkje ei forsikring mot sjukdom, men mot sjukdom som hindrar oss i å gå på jobb. Det går sjølvsagt an å ha fått ein diagnose som kvalifiserer for sjukeløn, men samstundes ha ei betydeleg restarbeidsevne. Og fleire studiar trekkjer fram det helsebringande ved å ha tilknytning til arbeidsplassen.

Prinsippet med gradering krev eit sterkt og vedvarande fokus på restarbeidsevne og tilrettelegging. Dette er ressurskrevande, samstundes som presset mot sjukelønsordninga vedvarer så lenge vi held fast på 100 % dekningsgrad. At ordninga har bestått til no, tyder på høg grad av tillit og høg trygdemoral. Men sjenerøse ordningar med svak kontroll set tilliten på prøve og undergrev på den måten alt det gode tilretteleggingsarbeidet som foregår rundt om på arbeidsplassane. Med mindre noko blir gjort på dette området, er det vanskeleg å tenkja seg anna enn at fråværet i Noreg også i framtida blir (for) høgt.

*Kjell Vagge*